



Det kongelige Helse- og omsorgsdepartement
Postboks 8011 Dep.

0030 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.2007001633

Arkiv: N-370

Dato: 28.08.2007

BRUKARSTYRD PERSONLEG ASSISTANSE - HØYRINGSFRAMLEGG

Vi viser til høyringsnotat frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Saka har vore handsama i Eldrerådet den 22. august d.å., og det er gjort følgjande vedtak i saka:

Sund eldreråd har slik uttale i saka:

Vi er samde i at retten til brukarstyrd assistanse vert lovfasta når vilkåra elles er til stades. Vi støttar elles dei føreslegne endringane som inneber at brukaren får rett til å fastsetja arbeidsgjevarmodell og ha det avgjerande ordet i val av assistent.

Omlegginga av tilskotsordninga er vi meir skeptisk til. Medan dei øyremerka tilskota så langt har vore knytt direkte til brukar, vil omlegginga som no vert føreslegen, gje midlar berre til informasjon og opplæring. Vi er ikkje sikker på om dette vil stimulera til auka innsats i kommunane.

Sund eldreråd er hjartans samd i at alder ikkje må vera eit kriterium for å få brukarstyrd assistanse. Det må vera diagnose, hjelpebehov og livssituasjonen generelt som vert grunnlaget for vurderinga, alder er irrelevant.

22.08.2007 ELDRERÅDET

EL-018/07 Vedtak:

Framlegget til uttale vart vedteke samrøystes.

Med helsing

Eva-Marit T. Hamre

Eva-Marit Telle Hamre
fagleiar servicekontoret



SUND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Eldrerådet	22.08.2007	018/07	OSH

Saksansvarleg Oddlaug S Hansen	Arkiv: N-370 Objekt:	ArkivsakID 2007001633
-----------------------------------	-------------------------	--------------------------

BRUKARSTYRD PERSONLEG ASSISTANSE - HØYRINGSFRAMLEGG

Dokumentliste:

Høyringsnotat frå Helse- og Omsorgsdepartementet

Saksutgreiing:

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut eit høyringsnotat med forslag om at retten til brukarstyrd assistanse vert styrka. Eldreråda i kommunane er mellom høyringsinstansane.

Leiaren i eldrerådet har lese gjennom høyringsnotatet.

Det vert føreslege at alle som fyller vilkåra for å ta i mot slik hjelp, skal få ein lovfesta rett til tenestene. Desse vilkåra går fram av sosialtenestelova par. 4-3 og 4-2. Det gjeld brukarar med omfattande hjelpebehov. (20 timar eller meir)

Sund eldreråd har slik uttale i saka:

Vi er samde i at retten til brukarstyrd assistanse vert lovfesta når vilkåra elles er til stades. Vi støttar elles dei føreslegne endringane som inneber at brukaren får rett til å fastsetja arbeidsgjevarmodell og ha det avgjerande ordet i val av assistent.

Omlegginga av tilskotsordninga er vi meir skeptisk til. Medan dei øyremerkta tilskota så langt har vore knytt direkte til brukar, vil omlegginga som no vert føreslegen, gje midlar berre til informasjon og opplæring. Vi er ikkje sikker på om dette vil stimulera til auka innsats i kommunane.

Sund eldreråd er hjartans samd i at alder ikkje må vera eit kriterium for å få brukarstyrd assistanse. Det må vera diagnose, hjelpebehov og livssituasjonen generelt som vert grunnlaget for vurderinga, alder er irrelevant.

22.08.2007 ELDRERÅDET

EL-018/07 Vedtak:

Framlegget til uttale vart vedteke samrøystes.

Rett utskrift : <i>Eva Ekerhovd T. Hamre</i> Dato: 28.08.2007	Kopi til:
	Brev til Helse- og Omsorgsdep. m/saksutg. Hjelpetenesta v/Inge Ekerhovd